

Gjekk på 0-3-tap for Trott

30.08.2008

Rosendal/Uskedal gjekk på eit 0-3-tap for Trott på Rosendal Stadion laurdag og resultatet var fullt ut fortent etter spel og sjansar. Heimelaget fekk annullert eit mål for offside etter berre eitt minutt. Sidan hadde heimelaget berre ein stor sjanse i første omgang då 15-åringen Vegard Ludvigsen som debuterte frå start i denne kampen fyrte av eit langskot som keeparen berre såvidt fekk fista over.

Trott fekk måla sine i det tiande minutt, etter 77. minitter og tre minutter på overtid. Heimelaget yppa seg litt i 2. omgang, mellom anna gjennom eitt knallhardt skot i stolperota. Gjestene fekk i motsetnad til heimelaget pasningspelet sitt til å sitja.